# Voss Ungdomslag

**Utleigekontrakt**
**Voss Ungdomshall (VUH)**

**Leigetakar:**_______________________________________________

**Fakturaadresse:** _______________________________________________

**E-post:** ______________________ **Mobil:**__________________

**Tidspunkt for leiga: dato:**_________ **Frå kl.**_______**Til kl.**_________

**Etter avtale disponerast:**
Storsal/garderobe, inkludert kjøkken ☐
Storsal/garderobe, utan kjøkken ☐

Antal nøklar:_______

Evt. anna:__________________________________________________________
________________________________________________________________

**Leigesum: kr**_______________

**Dato:** __________

______________________ ______________________
**For Voss Ungdomshall** **Leigetakar**

______________________ ______________________
**Mobilnr.** **Mobilnr.**

## Utleigereglement

1. **Leigetakar er ansvarleg for huset** i leigeperioden. Leigetakar er ansvarleg for at dører er låst og vindauga er lukka når leigetakar ikkje er tilstades, i leigeperioden, og ved leigeperiodens utløp.
2. Vis **omsyn til huset.** Det er ikkje høve å slå inn spikar eller stiftar i vegger eller dører innvendig i VUH. Det er ikkje høve til å hengja opp noko på bilete og måleri. Plakatar og anna kan hengjast opp på vegger med tape. Oppsett av plakatar i vindaugo og utvendig skal avtalast på førehand.
3. Vert hus eller inventar under leigeperioden påført **skade** som leigetakar kan stillast ansvarleg for, utover det som kan reknast som vanleg slitasje, må leigetakar betale **erstatning** fullt ut.
4. **Prisen** for utleige er fastsett av styret. Den skal **betalast** til bankkonto etter avtale med Voss Ungdomslag.
5. Dersom leigetakar er under 18 år, skal ein av dei føresette skriva under avtalen og stå som ansvarleg for bruk av VUH.

# Voss Ungdomslag

6. Alle tilstellingar i VHU skal fredag og laurdag vera slutt seinast 02.30, og andre dagar seinast kl. 24.00.
7. VHU krev 3 namngjevne vakter over 25 år ved utleige til ungdomsarrangement/fest. Ved ope arrangement skal politiet vera varsla i god tid på førehand. Leigetakar må stilla med minst 3 namngjevne vakter over 25 år.
8. **Avfall skal fjernast** frå lokalet etter arrangement. Alle golv og trapper som har vorte nytta skal **feiast.** Alle bord og stolar skal **setjast på plass.** Ynskjer leigetakar å inngå avtale med utleigar om rydding og fjerning av bos, må dette avtalast på førehand. Vert det ikkje rydda slik avtalen føreset, vert leigetakar fakturert i etterkant for kostnaden med arbeidet.
9. Det er **forbod mot røyking** i Voss Ungdomshall. Det er også **forbod mot levande ljos og liknande**.
10. VUH er godkjent for **maksimalt 120 personar**. Det er **stolar til ca. 90** personar.
11. Dersom leigetakar ikkje gjev **melding om endring** i avtalar minst 2 dagar før leigeperioden tek til, vert det fakturert eit gebyr på kr. 300,- for å dekka laget sine kostnader/tap.
12. Vask – Generelt reinhald skal utleigar utføre, og dette skal normalt gjerast dagen etter. Eit arrangement som går over fleire dagar samanhengande vert reingjort etter siste dag. Dersom leigetakar ynskjer reinhald utover dette, skal det avtalast på førehand med avtalt pris for dette.
13. Sjekk at alle **nødutgangar og brannslokkingsapparat** er lett tilgjengeleg under tilstellingar og at det ikkje er plassert bord og anna utstyr til hindring for tilkomst. Sjå **oppslag om brann og rømingsvegar** i gangen og på kjøkkenet. Sjå også etter at komfyr, kaffitraktar og anna kjøkkenutstyr er avslått.
14. **Nøklar** vert kvittert ut etter avtale og skal leverast attende ved leigeperiodens slutt. Ved utlevering av nøklar skal **branninstruks gjennomgåast** av utleigar med leigetakar. Ved retur av nøkkel, føretek leigetakar og utleigar ein gjennomgang av huset.

Utover denne avtalen gjeld norsk lov for utleige/leigeforhold.

Rettleiande utleigeprisar for Voss Ungdomshall frå 01.01.2019

| **Kunde/Arrangementstype** | **Storsal/garderobe** | | **Kjøkken** |
|---|---|---|---|
| **Salsmesser-seminar-anna** | | | |
| Dagtid 08:00-18:00 | Kr. 1900,- | | Kr. 400,- |
| Kveld 18:00-24:00/02:30 | Kr. 1900,- | | Kr. 400,- |
| Heil dag | Kr. 2900,- | | Kr. 400,- |
| **Frivillige lag og organisasjonar** | **Ikkje inntekts-bringande** | **Inntekts-bringande** | |
| Dagtid 08:00-17:00 | Kr. 1200,- | Kr. 1400,- | Kr. 400,- |
| Kveld 17:00-24:00/02:30 | Kr. 1200,- | Kr. 1400,- | Kr. 400,- |
| Heil dag | Kr. 1900,- | Kr. 2100,- | Kr. 400,- |

Anna leige/lån skal avtalast på førehand med styret/husnemd/kjøkkensjef. Alt som vert lånt /leigd skal noterast tilvist stad.

*Voss Ungdomshall, kontonr: 3480 16 09068*
*Husnemnda v/Per Nedkvitne, 952 98 026, pnedkvit@online.no*